

# Nordisk Expressmestermøte 2011 – framlegg til konsept

Arrangør: Hordaland Expressklubb og Ran Seilforening.

Deltakarar: Ranking Topp 3 Express-crew frå førre året frå Bergen, Stavanger, Oslo, Gøteborg, Stockholm og København (+ evt. andre større Express-miljø, td. Finland, Bråviken, Öresund + loddtrekning/wild card mellom interesserte enkelt-Expressar utanfor dei nemnde miljøa) som tar med sine egne segl. Alle lag må på førehand skriftleg garantera for 5000 NOK i egenandel, dersom det oppstår skader på utstyr.

## Fredag

Representantar for Bergensmiljøet hentar gjestene på Flesland flyplass, transport til Anglevik.

I Anglevik ligg 12 nyskrubba Expressar + to reservebåtar, regattaustyr + følgjebåtar klar.

Samling, orientering, lagpresentasjon og loddtrekning av båtar i Ran sitt nye klubbhus.

Kvart lag får tildelt båt etter loddtrekning og båtene vert delt inn i pulje A, B og C.

Det skal vera med ein båt frå kvart Express-miljø i kvar pulje.

Alle lag seglar fire løp på laurdag. Basert på samanlagt resultat i laurdagens løp, går laga vidare til bronse-, sølv- og gullfinale om sundagen.

Etter loddtrekninga fredag kan seglarane inspisera båtar og overnattingstad.

Lagfotografering+felles foto i amfiet.

Om lag kl. 2000 vert det servert middag i klubbhuset til Ran.

Etter middag er det presentasjon av regattasjef, dommarar, vêrmelding og straumtilhøve.

Seglarpub med kulturelt innslag, sal av øl og vin.

Overnatting i Ran Seilforening sitt gamle klubbhus Ranheim + båtar i hamna.

## Laurdag

0800 frukostservering startar, seglarane smør niste.

0900 rigging startar.

0930 banelegging startar.

Dei som ikkje seglar, hjelper til med å arrangera, filma og fotografera via følgjebåtane.

Det vert aktiv dømning på vatnet ved nøytrale dommarar.

1000 Start for pulje A  
1010 Start for pulje B  
1040 Målgang for pulje A  
1050 Målgang for pulje B

1100 Start for pulje A  
1110 Start for pulje B  
1140 Målgang for pulje A  
1150 Målgang for pulje B

Båtbytte A->C

Matpause

1230 Start for pulje B  
1240 Start for pulje C  
1310 Målgang for pulje B  
1320 Målgang for pulje C

1330 Start for pulje B  
1340 Start for pulje C  
1410 Målgang for pulje B  
1420 Målgang for pulje C



Båtbytte B->A  
Matpause

1500 Start for pulje C  
1510 Start for pulje A  
1540 Målgang for pulje C  
1550 Målgang for pulje A

1600 Start for pulje C  
1610 Start for pulje A  
1640 Målgang for pulje C  
1650 Målgang for pulje A

Før 17.00 til lands, fortøying og nedrigging.  
Etter seglas: varm suppe, visning av foto på storskjerm.

Laurdag 1930: middag.  
Visning av film og GPS-tracking.  
Loddtrekking av søndagens båtar.  
Fest med DJ som spelar musikk, sal av øl og vin.

### Sundag

0900 frukostservering startar, seglarane smør niste  
1000 rigging startar  
1030 banelegging startar

1100 Start bronsefinale  
1110 Start sølvfinale  
1140 Målgang bronsefinale  
1150 Målgang sølvfinale

Båtbytte bronse -> gull  
Matpause

1230 Start sølvfinale  
1240 Start gullfinale  
1310 Målgang sølvfinale  
1320 Målgang gullfinale

1330 Start gullfinale  
1410 Målgang gullfinale

Før 14.30 til lands, fortøying og nedrigging.

Etter seglas: varm suppe, visning av foto.

Premieutdelinga skjer i kombinasjon med visning av GPS-tracking på storskjerm.

Før 16.30 avreise med buss til Flesland flyplass.

Foto, video, tracking, resultat, og journalistisk stoff frå regattaem vert sjølvsagt publisert løpande på [www.expressklubben.com](http://www.expressklubben.com) Kanskje dette arrangementet frå 2012 kan gå på omgang mellom dei større Expressmiljøa i Norden?

Bergen, 21. desember 2009  
Kjell Magnus Økland  
NOR 81 Nicoline

